

Denne protokollen vart endra 18.10.21 i tråd med vedtak i «GK 12/21 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i fylkeseldrerådet 16.09.2021» i møte 14.10.21.

Møteprotokoll

Utval:	Fylkeseldrerådet
Møtestad:	Utvalsalen, Fylkeshuset - Sandsli, Sandslihaugen 30, Bergen
Dato:	16.09.2021
Tid:	10:00-1330

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Gunvor Riim Opedal	Medlem	PF
Kjellbjørg Dagny Lunde	Medlem	LOP
Vigdis Helene Ravnøy	Nestleiar	PF
Harald Kåre Ekroll	Leiar	POSTPEN
Kristina Vakt skjold Hamre	Medlem	KRF
Kristoffer Skjolden	Medlem	PF
Martin Monrad Reigstad	Medlem	PF

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Berit Anita Knudtsen Larsen	Medlem	ØER
Kurt Johnny Hæggernæs	Medlem	PP

Følgjande varamedlemmer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Merknader: Ingen vararepresentantar møtte.

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Thorbjørn Aarethun	Seniorrådgjevar, politisk sekretariat
Silje Balgaard Lyngstad	Rådgjevar, politisk sekretariat

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Arkiv- saksnr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 9/21	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 10/21	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i fylkeseldrerådet 10.06.21	2020/77170	
	Referatsaker		
RS 43/21	Drift og vedlikehald av vegar - orienteringssak	2020/77154	
RS 44/21	Samledokument med forslag frå fylkeseldreråda til landskonferansen	2020/77154	
RS 45/21	Møtereferat frå møte med Bergen eldreråd m.m. 09.06.21	2020/77154	
RS 46/21	Referat frå Den kulturelle spaserstokken - orientering om tildeling til fylkeseldrerådet	2020/77154	
RS 47/21	Opplæring eldreråd Rogaland	2020/77154	
RS 48/21	Orientering Leve heile livet	2020/77154	
RS 49/21	Orientering om Kick-off om digitalt utanforskap, E-helse Vestland	2020/77154	
RS 50/21	Kulturkonferanse 18.11.21	2020/77154	
	Politiske saker		
PS 25/21	Møteplan for fylkeseldrerådet for 2022	2020/77154	
PS 26/21	Høyring av Regional transportplan for Vestland 2022 - 2033	2021/21417	
PS 27/21	Tilråding oppnemning av representant til brukarutval HDS	2020/77154	
PS 28/21	Manglande betalingsalternativ hos Skyss	2020/77154	

Godkjenningssaker

GK 9/21 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet - 16.09.2021

Harald Ekroll tok opp følgende presiseringar og endringar i møteplanen for hausten 2021;

- Møtet 14.oktober 2021 vert halde i Odda
- Møtet 4.november vert flytta til 17.november i Førde
- Møtet 9.desember vert halde i Bergen

Desse presiseringane og endringane i møteplanen 2021 vart samrøystes godkjent i rådet.

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent utan merknader.

GK 10/21 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i fylkeseldrerådet

10.06.21 Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet - 16.09.2021

Saksprotokoll frå møte i fylkeseldrerådet, 10.juni 2021 vart samrøystes godkjent utan merknader.

Referatsaker

RS 43/21 Drift og vedlikehald av vegar - orienteringssak

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet - 16.09.2021

RS 43/21 vart referert i møtet.

RS 44/21 Samledokument med forslag frå fylkeseldreråda til landskonferansen

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet - 16.09.2021

RS 44/21 vart referert i møtet.

RS 45/21 Møtereferat frå møte med Bergen eldreråd m.m. 09.06.21 Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet - 16.09.2021

RS 45/21 vart referert i møtet.

RS 46/21 Referat frå Den kulturelle spaserstokken - orientering om tildeling til fylkeseldrerådet

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet - 16.09.2021

RS 46/21 vart referert i møtet.

RS 47/21 Opplæring eldreråd Rogaland

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet - 16.09.2021

RS 47/21 vart referert i møtet.

RS 48/21 Orientering Leve heile livet

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet - 16.09.2021

RS 48/21 vart referert i møtet.

RS 49/21 Orientering om Kick-off om digitalt utanforskap, E-helse Vestland

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet - 16.09.2021

RS 49/21 vart referert i møtet.

RS 50/21 Kulturkonferanse 18.11.21

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet - 16.09.2021

RS 50/21 vart referert i møtet.

Politiske saker

PS 25/21 Møteplan for fylkeseldrerådet for 2022

Forslag til vedtak:

Fylkeseldrerådet i Vestland vedtek det framlagde forslag til møteplan for året 2022 for rådet sine møte slik den ligg føre.

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet - 16.09.2021

Harald Ekroll sette fram slikt forslag som tillegg til innstillinga;

«Oppsett møte 29.november 2022 i administrasjonen sitt forslag vert flytta til 22.november 2022»

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke

Harald Ekroll sitt forslag vart samrøystes vedteke

Vedtak

1. Fylkeseldrerådet i Vestland vedtek det framlagde forslag til møteplan for året 2022 for rådet sine møte slik den ligg føre.
2. Oppsett møte 29.november 2022 i administrasjonen sitt forslag vert flytta til 22.november 2022.

PS 26/21 Høring av Regional transportplan for Vestland 2022 - 2033

Forslag til vedtak:

1. Fylkeseldrerådet kjem med følgjande uttale til Regional transportplan:

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet - 16.09.2021

Harald Ekroll sette fram slikt forslag;

«Fylkeseldrerådet vil kome med følgjande uttale til høyringsutkastet til regional transportplan 2022 - 2033:

Høyringsutkastet til regional transportplan for 2022-2033 med tilhørande utgreiingar gjev eit godt oversyn over dei utfordringane som Vestland fylkeskommune står ovanfor i åra som kjem.

Først nokre overordna føringar og synspunkt.

Rådet vil presisere at transportplanen må vere i samsvar med andre planar for utvikling av fylket vårt, og ikkje minst ta omsyn til dei store utfordringane klimaendringane vil gi når det gjeld infrastruktur og førebygging av skader.

Dette vil krevje både større fagkompetanse i kommunane når det gjeld planlegging og implementering av alt som må til for å sikre liv, helse og levekår.

Transport er ein viktig del av gjennomføringa om vi skal nå klimamåla vi har forplikta oss til. Difor må dette vere ein premiss for all transportinfrastruktur og val av transportløysingar. Dette, ved sidan av at det skal vere mogeleg å bu og arbeide over heile fylket, må vere grunnpilaren i også denne planen.

Ein veksande eldre del av folkesetnaden i fylket, må synleggjerast gjennom planar som tek omsyn til denne store gruppa sine behov, slik det er vist til.

Avdeling for mobilitet og kollektivtransport ønskjer innspel på 5 spørsmål.

Tek planen inn over seg dei store utfordringane i fylket i tilstrekkelig grad?

Kommunane i fylket burde i planarbeidet ta omsyn til dei områda som er aktuelle for utbygging slik at ikkje planverket i kommunen fører til vanskar.

Trygge vegar for barn og unge er viktig og det er også godt for alle aldersgrupper. Planen må betre ivareta « leve heile livet reforma», premissane for eit aldersvenleg lokalsamfunn og universell utforming.

Er målsettingane riktige med tanke på dei utfordringane vi har i fylket?

Med visse unntak. Den store utfordringa blir å få politikarane til å løyve meir pengar til vedlikehald, rassikring og bygging av gang- og sykkelveg. Løyvingane til desse oppgåvene er pr. dato alt for små, og etterslepet når det gjeld vedlikehald berre aukar og blir snart uhandterbart innanfor dei budsjettmidlane som er avsett. Løyvingane frå sentrale styresmakter må aukast.

Det må leggast meir vekt på grønne område langs fylkesvegane med benkar i uterom langs sykkel og gangstiar.

Er det god samanheng mellom mål og strategiar?

Svaret på det trur vi må vere ja, men måla bør kanskje aukast? Det må gjerast meir på utbetring, rassikring og bygging av gang- og sykkelveg. Som tidligare nevnt må politikarane løyve meir til dette arbeidet samstundes som ein må påverke sentralt for å få større, gjerne øyremerka løyvingar, til desse oppgåvene.

Eit aldersvenleg lokalsamfunn må leggast til grunn i vidare planlegging.

Er dei riktige kriteria for prioritering lagt til grunn? Kva kriterium bør eventuelt endrast?

Vi meiner dette stort sett er greit, men prioritere meir bygging av gang- og sykkelveg og samstundes legge til grunn eit aldersvenleg lokalsamfunn.

Er det andre utviklingstiltak som bør inn i handlingsprogrammet til RTP?

Vi er oppteken av at kommunane gjer eit godt arbeid i planarbeidet i høve til å få på plass areal for framtidig utbygging av gang- og sykkelveg. Når det er på plass kan ein raskt kunne inngå samarbeid om bygging når forhold ligg til rette for det. Kanskje fylkeskommunen burde løyve ei pott som kunne brukast til slike tiltak.

Generelt er vi oppteken av at det vert fleire eldre som skal bu lenger heime, om den demografiske utviklinga vert som forventa. Bestillingstransport må bli leggast opp til i heile fylket og den transporten må vere fleksibel slik at brukarane kan nytte han tilpassa opningstider og arrangement, som dei ønskjer å delta på. I samband med slik transport må det kunne stillast krav om at ein nyttar utslepsfrie kjøyrety. Det kan kanskje vere gunstig å samarbeide med drosjenæringa i enkelte område. På den måten kan ein styrke drosjenæringa sitt næringsgrunnlag.

TT-ordninga er viktig å oppretthalde.

I samband med ruteplanlegging må det leggast opp til gjennomgåande opplegg ,slik at den som skal kjøpe reiser, enkelt kan få kjøpt reiser frå A til Å. I bussar og på haldeplassar må det vere opplysningar om stoppestader, ruter og rutetider m.v. både verbalt og i skrift, slik at alle kan få med seg turvande opplysningar. På store haldeplassar må det vere personar som kan hjelpe dei reisande til rette. Haldeplassar og transportmateriell må vere universelt utforma. Gode overgangar mellom ulike transportmiddel , gode avstinging- og påstigingslommer som er universelt utforma.

På trafikk-knutepunkt og i byar må det byggast sykkelparkeringsanlegg under tak med tilgang til toalett. Behovet for ladeordningar for el.syklar m.v. må vurderast.

NTP har eit overordna mål om eit effektivt og miljøvenleg tungtrafikksystem. Dette passar godt sammen med måla om eit aldersvenleg lokalsamfunn. For å kunne fortsette å vere aktive i samfunnet, er eldre mennesker avhengig av gode transportløyningar. Kollektive transportsystem må vere universelt utforma. Det er framleis svært mange eldre som ikkje nyttar digitale verktøy, og kollektivløyningane må ivareta dette, slik at vi ikkje får utanforskap og straff for denne gruppa. Dette gjeld også bileteringsløyningar som må tilpassast alle brukarar.

Når det gjeld finansiering av utbyggingar er det viktig å gå i samarbeid med andre, der det er fornuftig. Ved bygging av veg må det også byggast gang- og sykkelveg. Staten må overføre meir midlar til fylka og kommunane og gjerne øyremerke dei ymse tiltaka.

Forskjellane i samfunnet må utjavnast mest mogeleg.

Drift av gang- og sykkelveggar må halde lik standard uavhengig av vegeigar. Drift om vinteren må ein ha eit spesielt fokus på. Dette er ikkje godt nok i dag.

Det er viktig å drive haldningsskapande arbeid for alle aldersgrupper. Verdien for folkehelsa ved bruk av sykkel og gange må kome tydeleg fram.

Til slutt ei viktig presisering. «Leve heile livet» reforma, grunnlaget for eit aldersvenleg samfunn og universell utforming over alt, må vere førande i alt planarbeid.»

Avrøysting

Harald Ekroll sitt forslag vart samrøystes vedteke

Vedtak

«Fylkeseldrerådet vil kome med følgjande uttale til høyringsutkastet til regional transportplan 2022 - 2033:

Høyringsutkastet til regional transportplan for 2022-2033 med tilhøyrande utgreiingar gjev eit godt oversyn over dei utfordringane som Vestland fylkeskommune står ovanfor i åra som kjem.

Først nokre overordna føringar og synspunkt.

Rådet vil presisere at transportplanen må vere i samsvar med andre planar for utvikling av fylket vårt, og ikkje minst ta omsyn til dei store utfordringane klimaendringane vil gi når det gjeld infrastruktur og førebygging av skader.

Dette vil krevje både større fagkompetanse i kommunane når det gjeld planlegging og implementering av alt som må til for å sikre liv, helse og levekår.

Transport er ein viktig del av gjennomføringa om vi skal nå klimamåla vi har forplikta oss til. Difor må dette vere ein premiss for all transportinfrastruktur og val av transportløyningar. Dette, ved sidan av at det skal vere mogeleg å bu og arbeide over heile fylket, må vere grunnpilaren i også denne planen.

Ein veksande eldre del av folkesetnaden i fylket, må synleggjerast gjennom planar som tek omsyn til denne store gruppa sine behov, slik det er vist til.

Avdeling for mobilitet og kollektivtransport ønskjer innspel på 5 spørsmål.

Tek planen inn over seg dei store utfordringane i fylket i tilstrekkelig grad?

Kommunane i fylket burde i planarbeidet ta omsyn til dei områda som er aktuelle for utbygging slik at ikkje planverket i kommunen fører til vanskar.

Trygge vegar for barn og unge er viktig og det er også godt for alle aldersgrupper. Planen må betre ivareta « leve heile livet reforma», premissane for eit aldersvenleg lokalsamfunn og universell utforming.

Er målsettingane riktige med tanke på dei utfordringane vi har i fylket?

Med visse unntak. Den store utfordringa blir å få politikarane til å løyve meir pengar til vedlikehald, rassikring og bygging av gang- og sykkelveg. Løyvingane til desse oppgåvene er pr. dato alt for små, og etterslepet når det gjeld vedlikehald berre aukar og blir snart uhandterbart innanfor dei budsjettmidlane som er avsett. Løyvingane frå sentrale styresmakter må aukast.

Det må leggast meir vekt på grønne område langs fylkesvegane med benkar i uterom langs sykkel og gangstiar.

Er det god samanheng mellom mål og strategiar?

Svaret på det trur vi må vere ja, men måla bør kanskje aukast? Det må gjerast meir på utbetring, rassikring og bygging av gang- og sykkelveg. Som tidligare nevnt må politikarane løyve meir til dette arbeidet samstundes som ein må påverke sentralt for å få større, gjerne øyremerka løyvingar, til desse oppgåvene.

Eit aldersvenleg lokalsamfunn må leggjast til grunn i vidare planlegging.

Er dei riktige kriteria for prioritering lagt til grunn? Kva kriterium bør eventuelt endrast?

Vi meiner dette stort sett er greit, men prioritere meir bygging av gang- og sykkelveg og samstundes legge til grunn eit aldersvenleg lokalsamfunn.

Er det andre utviklingstiltak som bør inn i handlingsprogrammet til RTP?

Vi er oppteken av at kommunane gjer eit godt arbeid i planarbeidet i høve til å få på plass areal for framtidig utbygging av gang- og sykkelveg. Når det er på plass kan ein raskt kunne inngå samarbeid om bygging når forhold ligg til rette for det. Kanskje fylkeskommunen burde løyve ei pott som kunne brukast til slike tiltak.

Generelt er vi oppteken av at det vert fleire eldre som skal bu lenger heime, om den demografiske utviklinga vert som forventa. Bestillingstransport må bli leggast opp til i heile fylket og den transporten må vere fleksibel slik at brukarane kan nytte han tilpassa opningstider og arrangement, som dei ønskjer å delta på. I samband med slik transport må det kunne stillast krav om at ein nyttar utslepsfrie kjøyrety. Det kan kanskje vere gunstig å samarbeide med drosjenæringa i enkelte område. På den måten kan ein styrke drosjenæringa sitt næringsgrunnlag.

TT-ordninga er viktig å oppretthalde.

I samband med ruteplanlegging må det leggast opp til gjennomgåande opplegg, slik at den som skal kjøpe reiser, enkelt kan få kjøpt reiser frå A til Å. I bussar og på haldeplassar må det vere opplysningar om stoppestader, ruter og rutetider m.v. både verbalt og i skrift, slik at alle kan få med seg turvande opplysningar. På store haldeplassar må det vere personar som kan hjelpe dei reisande til rette. Haldeplassar og transportmateriell må vere universelt utforma. Gode overgangar mellom ulike transportmiddel, gode avstinging- og påstigingslommer som er universelt utforma.

På trafikk-knutepunkt og i byar må det byggast sykkelparkeringsanlegg under tak med tilgang til toalett. Behovet for ladeordningar for el.syklar m.v. må vurderast.

NTP har eit overordna mål om eit effektivt og miljøvenleg tungtrafikksystem. Dette passar godt sammen med måla om eit aldersvenleg lokalsamfunn. For å kunne fortsette å vere aktive i samfunnet, er eldre mennesker avhengig av gode transportløyvingar. Kollektive transportsystem må vere universelt utforma. Det er framleis svært mange eldre som ikkje nyttar digitale verkty, og kollektivløyvingane må ivareta dette, slik at vi ikkje får utanforskap og straff for denne gruppa. Dette gjeld også bileteringsløyvingar som må tilpassast alle brukarar.

Når det gjeld finansiering av utbyggingar er det viktig å gå i samarbeid med andre, der det er fornuftig. Ved bygging av veg må det også byggast gang- og sykkelveg. Staten må overføre meir midlar til fylka og kommunane og gjerne øyremerke dei ymse tiltaka.

Forskjellane i samfunnet må utjavnast mest mogeleg.

Drift av gang- og sykkelveggar må halde lik standard uavhengig av vegeigar. Drift om vinteren må ein ha eit spesielt fokus på. Dette er ikkje godt nok i dag.

Det er viktig å drive haldningsskapande arbeid for alle aldersgrupper. Verdien for folkehelsa ved bruk av sykkel og gange må kome tydeleg fram.

Til slutt ei viktig presisering. «Leve heile livet» reforma, grunnlaget for eit aldersvenleg samfunn og universell utforming over alt, må vere førande i alt planarbeid.»

PS 27/21 Tiltråding oppnemning av representant til brukarutval HDS

Forslag til uttale:

Fylkeseldrerådet tilrår at følgjande representant og vararepresentant vert vald til brukarutvalet ved Haraldsplass Diakonale Sjukehus:

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet - 16.09.2021

Harald Ekroll sette fram slikt forslag til vedtak:

«Fylkeseldrerådet tilrår at følgjande representant og vararepresentant vert vald til brukarutvalet ved Haraldsplass Diakonale Sjukehus:

Representant: Vigdis Helene Ravnøy
Vararepresentant: Martin Monrad Reigstad»

Kjellbjørg Lunde sette fram slikt forslag til vedtak:

«Representant: Gunda Sparre
Vararepresentant: Vigdis Helene Ravnøy»

Avrøysting

Harald Ekroll sitt forslag vart vedteke mot ei røyst (Kjellbjørg Lunde)

Vedtak

Fylkeseldrerådet tilrår at følgjande representant og vararepresentant vert vald til brukarutvalet ved Haraldsplass Diakonale Sjukehus:

Representant: Vigdis Helene Ravnøy
Vararepresentant: Martin Monrad Reigstad

PS 28/21 Manglande betalingsalternativ hos Skyss

Forslag til vedtak:

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet - 16.09.2021

Harald Ekroll sette fram slikt forslag:

«Fylkeseldrerådet har registrert oppslag i media om mangel på betalingsordningar for reisande med Skyss, som ikkje kan nytte digitale tenester. Vi registrerer også at vedkommande, som var omtalt, vart straffa med gebyr på grunn av at ho ikkje hadde gyldig billett ved bilettkontroll. Ho hadde prøvd å få betale med kontantar noko som vart avvist av sjåføren som umogleg.

Det er alvorleg at folk blir stilt utanfor deltaking i samfunnet fordi ein ikkje har system som dei kan nytte. Samfunnet skal vere universelt utforma noko betalingsordningane då ikkje er. Ein ting er dei som vert direkte råka, men signalet som slikt oppslag i media sender ut til andre, kan påverke dei sterkt i høve til å delta aktivt i samfunnet.

Fylkeseldrerådet forventar at Skyss umiddelbart ordner med at alle får betalt med det betalingsmiddelet dei kan nytte ved reiser. Det er viktig også å få eventuelle endringar kommunisert ut i media, slik at alle kan få tak i opplysningane.»

Kristina Vakt skjold Hamre (Krf) sette fram slikt forslag:

«Når korona-tiltaka blir opphevet, skal det legges til rette for å kunne betale med kort så snart som mulig.»

Avrøysting

Harald Ekroll sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Kristina Vaktskjold Hamre sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkeseldrerådet har registrert oppslag i media om mangel på betalingsordningar for reisande med Skyss, som ikkje kan nytte digitale tenester. Vi registrerer også at vedkommande, som var omtalt, vart straffa med gebyr på grunn av at ho ikkje hadde gyldig billett ved bilettkontroll. Ho hadde prøvd å få betale med kontantar noko som vart avvist av sjåføren som umogleg.

Det er alvorleg at folk blir stilt utanfor deltaking i samfunnet fordi ein ikkje har system som dei kan nytte. Samfunnet skal vere universelt utforma noko betalingsordningane då ikkje er. Ein ting er dei som vert direkte råka, men signalet som slik oppslag i media sender ut til andre, kan påverke dei sterkt i høve til å delta aktivt i samfunnet.

Fylkeseldrerådet forventar at Skyss umiddelbart ordner med at alle får betalt med det betalingsmiddelet dei kan nytte ved reiser. Når korona-tiltaka vert oppheva, skal det leggest til rette for å kunne betale med kort så snart som mulig.

Det er viktig også å få eventuelle endringar kommunisert ut i media, slik at alle kan få tak i opplysningane.